

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 18.09.2020
SAKSHANDSAMAR: Arne Skjelten
SAKA GJELD: **Oppnemning av valstyre i samband med val av tilsette sine representantar til styret i Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2020/7313

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
26.10.2020

STYRESAK:
060/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Det vert oppnemnd valstyre for val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde HF.
Medlemmar av valstyret vert:
 - Arthur Norevik, føretakstillitsvald NSF
 - Hildegunn Borkamo, hovudtillitsvald Dnlf
 - Inger Johanne Sætenes, seksjonsleiar HR-rådgeving
2. Valstyret vel leiar og nestleiar når valstyret har konstituerande møte. Val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde og styret i Helse Vest vert å gjennomføre på ein best mogleg samordna måte for å utnytte ressursane og avgrense kostnadene så langt dette er mogeleg.
3. Valet tek sikte på å vere gjennomført innan utløpet av februar 2021.

Fakta

Forskrifta for val av tilsette sine representantar til styret vart sett i verk i 2003. Førre val vart gjennomført i februar 2019. Sak om val av styremedlemmer, valde av og blant dei tilsette, vart sist handsama i styremøte oktober 2018. Valet vart gjennomført slik det var tilrådd. Valstyret frå 2018 har ikkje hatt oppgåver utover å gjennomføre sjølve valet i 2019.

Styret utnemner representantar til valstyret som får i oppgåve å gjennomføre valet i samsvar med «Forskrift til helseforetakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseforetak og helseforetaks styrer». Val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde HF skal vere gjennomført innan utgangen av januar 2021.

Valstyret skal bestå av minst tre personar med stemmerett, der ein er leiar og ein er nestleiar. Valet skal skje skriftleg som fleirtalsval med mindre 1/5 av dei som har røysterett, eller fagforeining som omfattar minst 1/5 av dei med røysterett, seinast seks veker før valdagen skriftleg krev at det skal skje som forholdstalsval.

For skiping av valstyre gjeld § 8 i forskrifta slik:

”Valget ledes av et valgstyre. Valgstyret skal bestå av minst tre personer med stemmerett, hvorav en leder og en nestleder. De ansatte og foretakets ledelse skal ha minst en representant hver i valgstyret. Når styrerepresentasjon for de ansatte er etablert, herunder ved en midlertidig avtalebasert ordning, oppnevnes valgstyret av foretakets styre. Dersom slik representasjon ikke er etablert, skal valgstyret oppnevnes av foretakets daglige leder, eller den vedkommende gir fullmakt, sammen med de ansattes tillitsvalgte.

Dersom valgstyret må oppnevnes gjennom avstemning, er det bare de ansattes representanter som har stemmerett. Foretakets ledelse skal dog ha anledning til å oppnevne en representant i valgstyret. Medlemmer av valgstyret som ikke kan eller ønsker å fungere lenger, skal erstattes snarest.”

På same tid skal det veljast tilsettere representantar i Helse Vest RHF og dei andre helseføretaka. Det er føremålstenleg at valstyret som vert oppretta for Helse Førde, samarbeider med Helse Vest sitt valstyre for å samordne valprosessane slik at ein unngår å gjere arbeidet fleire stader. Dette har vore diskutert med Helse Vest, og vi har slutta oss til å samordne valet slik at det kan gjennomførast på ein føremålstenleg måte samtidig i heile Helse Vest.

Administrasjonen vil i møte med føretakstillitsvalde og på intranett orientere om fristar og aktivitetar som skal gjennomførast.

Konklusjon

Det vert oppnemnd valstyre for val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde HF.
Medlemmar av valstyret vert:

1. Arthur Norevik
2. Hildegunn Borkamo
3. Inger Johanne Sætenes

Valstyret vel leiar og nestleiar når valstyret har konstituerande møte. Val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde og styret i Helse Vest vert å gjennomføre på ein best mogleg samordna måte for å utnytte ressursane og avgrense kostnadene så langt dette er mogleg.

Valet tek sikte på å vere gjennomført innan januar 2021.